



DET KONGELIGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets presidentskap  
Ekspedisjonskontoret  
Stortinget  
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref  
16/432 - 3 JRO

Dato  
07.03.2016

**Spørsmål nr. 649 fra stortingsrepresentant Geir Pollestad til samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen**

**Spørsmål:**

"Kor mykje statlege investeringsmidler er løyvd til samferdselsprosjekta E39 Eiganestunnelen, RV 13 Ryfast, E39 Hove – Ålgård og E39 Smiene – Harestad i perioden 2014-2016?"

**Svar:**

Etterfølgjande tabell viser statlege løyvingar til prosjekta E39 Eiganestunnelen, E39 Ålgård – Sandved på delstrekninga Hove – Sandved og rv 13 Ryfast i perioden 2014-2016. Tabellen viser også kor mykje som er føresett til desse tre prosjekta i perioden 2014-2017 i Meld. St. 26 (2012-2013) Nasjonal transportplan 2014-2023. Prosjekta E39 Ålgård – Sandved på delstrekninga Ålgård – Hove og E39 Smiene – Harestad er i Meld. St. 26 (2013-2014) føresett gjennomførte i siste seksårsperiode (2018-2023), under føresetnad av at det blir tilslutning til delvis bompengefinansiering innafor ei Jærenpakke 2. Det er derfor ikkje løyvd midlar til desse to prosjekta så langt.

Mill. 2016-kr

Prosjekt	NTP 2014-2017	Løyving 2014	Løyving 2015	Løyving 2016	Sum 2014-2016
E39 Eiganestunnelen	963	106	118	150	374
E39 Ålgård – Sandved					
Hove – Sandved	195	21	48	150	219
Ålgård – Hove	0				0
E39 Smiene – Harestad	0				0
Rv 13 Ryfast	573	159	72	50	281

Til samanlikning var det i perioden 2010-2013 føresett statlege løyvingar til eitt av desse prosjekta; E39 Eiganestunnelen. I St.meld. nr. 16 (2008-2009) Nasjonal transportplan 2010-2019 var det føresett 250 mill. kr til prosjektet i denne perioden medan det berre vart løyvd 108 mill. kr, ekskl. tillegg på grunn av auka meirverdiavgift som følgje av oppheving av

vegfrirket frå 1. januar 2013 (136 mill. kr inkl. dette tillegget). Alle tala er omrekna til 2016-prisnivå.

Med hilsen

Ketil Solvik-Olsen

Kopi:  
Vegdirektoratet

Postboks 8142 Dep.

0033 OSLO